



KVALITETSPLAN
FOR OPPVEKST I GISKE KOMMUNE
2018 - 2021

Samspel for livsmeistring no og for framtida

BAKGRUNN FOR PLANEN

Kvalitetsplanen for oppvekst er bindeleddet mellom nasjonale føringer, Kommuneplanen og einingane sine verksemdsplanar. Kvalitetsplanen skal peike ut hovudprioriteringane for fireårsperioden, målsettingar og overordna tiltak. Samla skal desse gi erfaringar i barnehage og skule som støttar barnet si livsmeistring no og for framtida.

Overordna: Livsmeistring

Endringstakta i samfunnet er høg og endringane er i stor grad teknologidrivne. Dei som forskar på framtidskompetansar peikar ganske unisont på livsmeistring som ein avgjerande ferdighet. Korleis barn og unge midt i desse endringane kan forhalde seg til seg sjølv og andre rundt seg vil bli kjernen i denne planen. Satsingsområda skal forståast i lys av livsmeistring.

I Stortingsmelding 28 (2015-2016) blir folkehelse og livsmeistring foreslått som eit av tre tverrfaglege tema.

Livsmeistring er også eit omgrep brukt i den nye rammeplanen for barnehage. Livsmeistring er knytt opp til fysisk- og psykisk helse, meistring og meistringstruktur, utforskarkrøng, glede og gode relasjonar i barnet sitt liv her og no og for framtida. I Kvalitetsplanen forstår vi livsmeistring som gjennomgående omdreいingspunkt som all planlegging og gjennomføring skal bidra til.

Ein engasjert medspelar

Kommunen sitt verdigrunnlag er eit viktig verktøy i arbeidet med å realisere formålsparagrafen for barnehage og skule.

Giske kommune sin visjon er: Giske kommune- ein engasjert medspelar. Korleis kan barn som veks opp i Giske kommune vere i læringserfaringar bygd på verdiane respekt, engasjement, løysingsvilje og kvalitet? Kommuneplanen sitt motto: Samspeksommunen, utgjer eit viktig grunnlag for arbeidet i heile oppvekstsektoren.

Verdigrunnlaget

Verdigrunnlaget skal vere ei rettesnor for dei tilsette i det daglege arbeidet og i møte med innbyggjarane og næringslivet.

Det skal brukast aktivt for å vidareutvikle Giske som ein god og attraktiv kommune med effektiv tenesteyting til beste for innbyggjarane.

Alle medarbeidarar skal gje verdiane konkret innhald og sjå til at ord vert til handling.

I Giske kommune skal det daglege arbeid vere prega av:

RESPEKT

ENGASJEMENT

LØYSINGSVILJE

KVALITET

RESPEKT gjennom å vere:

Imøtekommende



Involverande

LØYSINGSVILJE gjennom:

Heilskapleg tenking



Kreativitet

ENGASJEMENT gjennom:

Meiningsfylte oppgåver




Arbeidsglede

KVALITET gjennom:

Klar kommunikasjon



Læring/utvikling



Rollene blir utfordra når læringerfaringane i barnehage og skule er prega av «growth mindset», -vekstorientert eller dynamisk tankesett, i staden for fiksert tankesett. I måten vi møter kvarandre på og måten vi samarbeider på gir «growth mindset» ei tilnærming til at alt kan øvast og utviklast. Denne grunnforståinga vil gi retning til utvikling av robuste livsmeistringsferdigheter.

Målsetting:

- ⇒ Barn og vaksne skal kvar dag oppleve erfaringar ut frå sterke sider, interesser og eigne ressursar. Utg.pkt i ressursar, sterke sider, interesser.
- ⇒ Barn og vaksne skal kvar dag erfare innhald og varierte arbeidsmåtar som er prega av nysgjerrigkeit, utforsking, engasjement og løysingsvilje.
- ⇒ Barn og vaksne skal kvar dag erfare respekt, fellesskap og meistringstru.

Derfor vil kvar eining arbeide med å konkretisere:

- Kvifor treng barnet å øve opp livsmeistring?
- Korleis gir vi barnet verktøy for livsmeistring?
- Korleis "growth mindset" pregar kommunikasjon og aktivitet i barne- og elevgruppa?
- Korleis må vaksenrolla vere for å støtte opp om målsettingane for barnet?

PRIORITERTE SATSNINGSOMRÅDE

Utvikling, læring og teknologi

For skulane i Giske:

Frå og med hausten 2016 har alle elevar og lærarar sin eigen iPad. I forkant av innføringa blei det gjennomført ei intensiv pedagogisk opplæring. Det er rett å seie at praksis i klasseromma har endra seg i stor grad. Det er fleire grunnar til at Giske kommune har gått inn i denne satsinga. På den eine sida er det viktig at barn og unge lærer god bruk av digitale ressursar og verktøy. På den andre sida har tilgangen på gode læringsressursar og stabil struktur gjort at det opnar seg mange moglegheiter for betre tilpassing og meir motiverande læring. For Giske kommune er det viktig at vi i fellesskap utviklar god digital pedagogikk.

For barnehagane i Giske:

I 2013 utarbeidde Giske kommune ein plan for kreativ bruk av IKT i barnehagane. Gjennom kompetanseheving og nettverk har det vore høg grad av utprøving og deling. Kompetansen må heile tida vere i utvikling og etisk forankra. Barnehagane sin digitale praksis skal bidra til barn sin leik, kreativitet og læring.

Målsetting

I planperioden er digitale ressursar og verktøy tatt i bruk på ein måte som gjer barn og vaksne til skapande produsentar

- ⇒ Barn og vaksne skal utvikle gode ferdigheter til å vurdere og bruke digitale ressursar i leik, læring og samhandling
- ⇒ Barn og vaksne skal få utvikle eit bevisst forhold til opphavsrett, kjeldekritikk og personvern
- ⇒ I takt med auka pedagogisk bruk av digitalt utstyr må kapasiteten i støtteapparata vere i samsvar med tekniske og pedagogiske behov i einingane.
- ⇒ Vi ser tydeleg korleis digitale ressursar og verktøy no endrar arbeidsformer og roller i barnehage og skule. I det profesjonelle læringsfellesskapet treng

vi ei stadig drøfting av korleis dette skal bidra til utforsking i leik og djupne i læring.

Vi må i det daglege arbeidet kunne synleggjere korleis barnet står i sentrum av læring og i større grad:

- Er med på å planlegge og gjennomføre innhaldet i dagen
- Er aktive og utforskande produsentar
- Øver sjølvregulering i samhandling og i eige arbeid

På same måte vil vi vaksne synleggjere korleis vi tek i bruk:

- Opne oppgåver som inviterer til nysgjerrigkeit og kreativitet
- Problemløysande oppgåver som legg til rette for samhandling
- Ressursar og arbeidsmåtar som gir variasjon og tilpassing
- Ressursar og arbeidsmåtar som styrker inkludering og aktiv deltaking, spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning.
- Omvendt undervisning i skulen.

Utvikling, læring og fagområde

Fagområda i barnehagen er i stor grad dei same som barna seinare møter i skulen. Grunnsteinen for dagleg drift i bhg og skule er god kvalitet i fag og fagområde. I Kvalitetsplanen vil vi gjere prioriteringar av særskilte fag, for å skape djupne og fornying.

Realfag

Giske kommune blei etter søknad realfagskommune hausten 2015, og har gitt barnehagar og skular eit løft. For å sikre at ny praksis blir implementert, vil realfag vere satsing til og med 2019.

Regjeringa sine målsettingar:

- ⇒ Barn og unges kompetanse i realfag skal forbedres gjennom fornyelse av fagene, bedre læring og økt motivasjon.
- ⇒ Andelen barn og unge på lavt nivå i matematikk skal reduseres.
- ⇒ Flere barn og unge skal prestere på høyt og avansert nivå i realfag.
- ⇒ Barnehagelæreres og læreres kompetanse i realfag skal forbedres.

Språk

Språk er grunnleggande for kommunikasjon og sosial kompetanse, venskap og relasjon. Språk vil verer eit prioritert område frå 2020. Til satsinga "Språkløyper" er det utvikla materiell til bruk i barnehage og skule. I heile planperioden skal det vere eit særleg fokus på tilpassing for barn med språkvanskår og for fleirspråklege barn. Dette må bli sett i samanheng med Giske kommune si satsing på digitale verktøy og ressursar.



Regjeringa sine målsettingar:

- ⇒ Arbeidet med å styrke barnehagens sitt språkmiljø forsterkast.
- ⇒ Det skal være samanheng mellom barnehagen og skulen sitt språkarbeid.
- ⇒ Lærarane sin kompetanse innan språk, lesing og skriving skal styrkast.
- ⇒ Barn og elevar som strevar med språk, lesing og skriving, skal raskt identifiserast og følges opp med effektive tiltak.
- ⇒ Andelen elevar med svake lese- og skriveferdigheter skal reduserast.
- ⇒ Andelen elevar med svært gode lese- og skriveferdigheter skal aukast
- ⇒ Elever med stort læringspotensial skal få de utfordringar og den støtte dei treng.

www.sprakløyper.no

Einingane og leiinga må i utviklingsarbeid i realfag og språk konkretisere:

- Korleis barnehage- og skuleigar legg til rette for kompetanseheving og implementering av ny kunnskap og praksis?
- Korleis digitale verktøy og ressursar blir brukt i generell tilpassing og tilrettelegging for barn med ulike vanskar?
- Korleis vaksenrolla må vere for å auke meistringstru og motivasjon for barnet?
- Korleis tilrettelegging av aktivitet og undervisning må vere for å fremje godt læringsmiljø?

Utvikling, læring og kompetanse

Med kompetanse meiner vi kunnskap, ferdigheter og haldningar.

Kva kompetansar må tilsette i fellesskap utvikle for å nå dei overordna målsetningane?

Formell kompetanse

Statlege føringar set nye krav til formell kompetanse i sektoren. Dette er utfordrande for både barnehagar og skular i Giske. For barnehage blir det truleg innført krav om 50% pedagogdekning i 2020. Giske er langt frå å innfri dette per dato. Kompetansekrav for undervisning i skulen i faga norsk, engelsk og matematikk er innført, og dispensasjonar kan bli gitt til og med 2025. Lærarar får årleg tilbod om vidareutdanning i desse faga gjennom ein rammeavtale som Sunnmøre regionråd har inngått med NTNU. Det er krevjande å ha lærarar ute av undervisning i så stor grad som kompetanseløftet krev. Kompetanseplan for oppvekst viser korleis desse utfordringane skal bli løyst.

Barnehageområdet i Giske har eit fungerande tilbod om rettleiing for nytilsette barnehagelærarar. Eit tilsvarende system er ikkje på plass for skule, og må komme på plass så fort som råd.

Uformell kompetanse - lærande organisasjonar

Delingskulturen mellom einingane i Giske er i positiv utvikling. Arbeid i nettverk og workshopar er i større grad enn før tatt i bruk, og er ein viktig drivar i utviklingsarbeid. I denne planperioden skal vi utdjupe innhald og arbeidsmåtar i dei profesjonelle læringsfellesskapa på eininga og mellom einingar, i

refleksjon over praksis, i nettverk og i workshopsamanheng. I omgrepet «Framtidsbarnehagen og Framtidsskulen no» ligg rom for læringsfellesskap også ut over Giske kommune sine grenser.

I barnehage vil implementering av ny rammeplan i 2017, og ny læreplan for skule frå 2019 vere omfattande arbeid både på kommunenivå og for den enkelte eininga. Kommunen vil legge opp til utviklingsarbeid kring forpliktingane i rammeplanen/læreplan i kvalitetsplanperioden.


Didaktisk kompetanse

Bruk av «Blooms taksonomi» vil gi auka forståing og fokus på kva kompetanse og djupnelæring er. Modellen bidrar til ei drøfting av korleis vi beveger oss frå reproduserande læringsforløp til dei skapande og produserande nivåa.

Den nye rammeplanen set krav til progresjon for barnet sine opplevingar, erfaringar, aktivitets- og læringsmoglegheiter. Dokumentasjon skal i større grad vise innhald og utvikling framfor å beskrive hendingar.

Djupnelæring er eit sentralt omgrep i forarbeida til ny læreplan, og er like relevant for barnehagen til dømes gjennom allsidig arbeid med tema. Ei forståing er at barna gradvis og over tid utviklar si forståing av omgrep og samanhengar innanfor eit fag. Elevane sitt læringsutbytte aukar når dei gjennom djupnelæring utviklar ein heilskapleg forståing av fag og ser samanheng mellom fagområde, samt greier å bruke det dei har lært til å løyse problem og oppgåver i nye samanhengar.

BLOOMS TAKSONOMI



Leiarkompetanse

I tråd med korleis praksis endrar seg og med målsettingane i denne planen vil også leiarrulla endre seg. Leiarkompetansane for å sikre kvalitet i barnehage og skule er noko vi må utvikle saman. Leiaren sine handlingar i alle samanhengar vil vere forma for å realisere livsmeistring og ønska læringerfaring for barna.

Viviane Robinson sin modell for leiing uttrykkjer dette på ein god måte. Barnehage- og skuleeigar skal legge til rette for at dette vil stå i fokus for leiarutviklinga i perioden.

Målsetting:

- ⇒ I planperioden skal Giske kommune arbeide for å oppfylle krav til formell kompetanse i barnehage og skule.
- ⇒ Delings- og læringskulturen skal styrkast gjennom arbeid i team, nettverk og gjennom workshops.
- ⇒ Bruk av opne og problemløysande oppgåver skal stimulere nysgjerrighet, utforskarkrøng og bidra til djupnelæring.

I einingane og på eigarnivå må vi konkretisere:

- Korleis må vaksenrolla i barnehage, skule og SFO vere for å imøtekommje det autonome og produserande barnet?
- Kva betyr det for lærarar og leiarar å ha høg profesjonsfagleg digital kompetanse?
- Kva er dei sentrale leiingsdimensjonane og kva er dei viktige leiingskompetansane for å utvikle og sikre høg kvalitet i barnehage og skule?

Utvikling, læring og kompetanse

Kommuneplanen slår fast at Giske kommune er Samspelskommunen. Kva tyder dette innanfor oppvekstsektoren vår, og dei høge måla vi har sett oss for barn si utvikling? Forståing for kvarandre si rolle og ansvar er avgjeraende.

Vi tenker her først og fremst på samspelet mellom barnehage, skule og dei føresette. Vidare tenker vi på støttefunksjonane barnehage og skule er kopla opp mot, og til sist ressursar og aktivitetar i lokalmiljøet. Eit anna aspekt er kva barnehagar og skular er med på å spele ut til lokalmiljøet, eller til dømes å engasjere seg for fadderbarn og utviklingsprosjekt. Samla er målsettinga med samspelet å gi barnet rom og mogelegheiter for livsmeistring og vekst.

Målsetting:

Overgangar i oppvekstløpet skal gi barnet dei beste føresettingar for vidare utvikling og læring

- ⇒ Når barnet begynner i barnehagen
- ⇒ Overgangar i barnehagen

- ⇒ Overgang mellom barnehage, skule og SFO
- ⇒ Overgangen blir evaluert av ped.leiarar for dei eldste og 1. klasselærarane innan oktober.
- ⇒ Gjensidige forventningar mellom heim og barnehage/skule skal avklaraast i årleg dialog.
- ⇒ Årsplan og verksemdsplan skal tydeleggjere korleis føresette best kan bidra til barnet sin motivasjon, utvikling og læring.
- ⇒ Alle elevar skal ha relevante lekser som skalper glede, utfordring og variasjon.

Kva gjer vi som eining for å skape gode samspel:

- Med dei føresette
- Med støttefunksjonane?
- Med ressursar i lokalmiljøet
- Med omsyn til miljø og globalt ansvar?

KVALITETSSYSTEM

Kommunen sitt kvalitetssystem i oppvekst har til no bygd på verksemdsplan, tertialrapportar med tilbakemelding, årsmelding med kvalitetssamtale, og til slutt ei Kvalitets- og utviklingsmelding til Kommunestyret. Det kommunale kvalitetssystemet står framfor endringar som vi enno ikkje kjenner konklusjonen på.

Skuleeigar har ansvar for å sjå til at krava i Opplæringslova og forskriftene blir oppfylte og at undervisninga har høg kvalitet. Verktøyet 1310.no skal brukast systematisk av skuleeigar og skulane. Ved bruk av Utdanningsdirektoratet sitt verktøyet Reflex skal den skulebaserte vurderinga styrkast.

Kommunen er eigar for to kommunale barnehagar. I tillegg er det fem private eigarar for dei øvrige barnehagane i Giske. Kommunen inviterar alle

barnehagane inn i samarbeid om kvalitet og utvikling, dette gjeld også Kvalitetsplanen. Kommunen er tilsynsmyndighet for alle barnehagar i Giske, og skal gi rettleiing og sørge for at barnehagane si drift er i samsvar med gjeldande regelverk.

Denne planen gir prioriteringar og målsettingar for fireårsperioden. Gjennom nettverk og workshopar vil vi skape faglege fora for å fremje desse målsettingane. Barnehage- og skuleeigar har ansvar for å etterspørje og sjekke i kva grad målsettingane blir nådde.